



Renovasjonsforskrift for Øygarden kommune

Heimel: Fastsett av Øygarden kommunestyre 14.12.2016 med heimel i :

- Lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 30, § 34
- Lov av 11. april 2003 nr. 23 om endringer i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Forskrift av 1. juni 2004 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften).

§ 1 Generelle føresegner

Kommunens abonnentar betalar for renovasjonstenester levert av kommunen. Forholdet mellom abonnenten og kommunen er regulert av statlege lover og forskrifter, og dessutan av kommunale reglement og føresegner. Dei viktigaste dokumenta er lista opp nedanfor:

- Lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven).
- Forskrift av 1. juni 2004 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften).
- *Renovasjonsforskrift 14.12.2016 i Øygarden kommune (dette dokumentet).*
- Gebyrregulativ for det einkilde år.
- Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester (H-3/14).
- Veileder for beregning av kommunale avfallsgebyr (M-258).

§ 1.1 Føremål

Forskrifta har som føremål å sikre miljømessig, samfunnsøkonomisk og helsemessig forsvarleg handtering av hushaldningsavfall i Øygarden kommune. Forskrifta regulerer det avtalemessige forholdet mellom kommunen og kommunen sine abonnentar. Den skal også sikre og ta hand om kommunen sine forplikningar ut frå gjeldande lovverk og dei til ei kvar tid gjeldande planar for avfallsområdet.

§ 1.2 Verkeområde

Forskrifta gjev føresegner om den kommunale hente- og bringeordninga for hushaldningsavfall, og gjeld alle grunneigedomar i Øygarden kommune der det oppstår hushaldningsavfall. Denne forskrifta omfattar også fritidsbustader, medrekna permanent oppsett campingvogn.

Forskrifta gjeld kjeldesortering, innsamling, oppsamling og transport av hushaldningsavfall. I tillegg omfattar forskrifta oppsamling, innsamling og transport av farleg avfall frå hushaldningar.

Forskrifta gjeld også avfallsgebyr, og gjev føresegner om verkeområde og prinsipp for gebyrfastsetjing. Øygarden kommune kan gje nærare retningslinjer for gjennomføring av forskrifta sine føresegner.

Næringslivet er ut frå forurensningsloven § 32 pliktige til å syte for at eige avfall vert attvunne eller handtert på annan lovleg måte.

§ 1.3 Definisjonar

I denne forskrifta meinast med:

- a) **Abonnet:** Eigar eller langsiktig festar av eigedom med bygningar og som er omfatta av den kommunale renovasjonsordninga.

- b) **Abonnement:** Avtale mellom abonnent og kommunen i samband med henteordning eller bringeordning av avfall. Det er ikkje ein føresetnad at avtalen er skriftleg.
- c) **Avfall:** Kasserte lausøyregjenstandar eller stoff.
- d) **Avfallsfraksjon:** Ulike typar avfall som kommunen har fastsett skal sorterast og leverast separat.
- e) **Bringeordning:** Innsamlingsordning der abonnenten sjølv bringar det kjeldesorterte hushaldningsavfallet til eigna mottak fastsett av kommunen.
- f) **Eigedom:** Fast eigedom med eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i høve til lovgivinga om eigarseksjonar vert rekna som sjølvstendig eigedom.
- g) **Farleg avfall:** Avfall som ikkje hensiktsmessig kan verte handtert saman med hushaldningsavfall, fordi det kan medføre alvorleg forureining eller fare for skade på menneske eller dyr, jf. avfallsforskriftens kapittel 11.
- h) **Fritidsbustad/bygg:** Eigedomar som i matrikelregisteret er registrert som fritidsbustad, hytte eller frå flytta husvære som vert nytta i samband med ferie og fritid. I tvilstilfelle avgjer kommunen kva som skal reknast som fritidsbustad.
- i) **Gebyrregulativ:** Kommunen sin gjeldande prisoversikt for avfallsgebyr. Satsane i gebyrregulativet vert oppdatert årleg gjennom vedtak i kommunestyret.
- j) **Gjenbruksstasjon:** Betjent mottaksstasjon der abonnenten sjølv er pålagt å sortere avfallet ved levering.
- k) **Henteordning:** Innsamlingsordning der det kjeldesorterte hushaldningsavfallet vert henta hos abonnenten eller på godkjende oppsamlingspunkt.
- l) **Hentestad/Tømmestad:** Godkjende areal der abonnenten plasserer oppsamlingseiningane i samband med innsamling.
- m) **Hushaldningsavfall:** Avfall frå private hushaldningar, medrekna større gjenstandar som inventar og liknande. Bygningstypar etter NS-3457 100 til 199 og permanent oppsett campingvogn.
- n) **Husstand:** Bygg som vert brukt til bustadføremål, medrekna fritidsbustad og permanent oppsett campingvogn.
- o) **Kundekort:** Eit identifikasjonskort utferda av kommunen som dokumenterer at eigaren er ein abonnent. Kortet følgjer husstanden og ikkje privatpersonar.
- p) **Næringsavfall:** Avfall frå offentlege og private verksemdar og institusjonar, det vil seie avfall frå profesjonelle aktørar som oppstår som følgje av deira verksemd. Næringsavfall omfattar også herrelaust avfall.
- q) **Oppsamlingseiningar:** Container, avfallsbeholdar, sekk eller liknande. Øygarden kommune bestemmer val av type behaldar og plassering ut frå kva kommunen finn forsvarleg, rasjonelt og estetisk akseptabelt.
- r) **Permanent campingvogn:** Campingvogn som er oppstilt på same oppstillingsområde i tre månader eller meir. Campingvogn plassert på lagerplass vert ikkje rekna som permanent oppstilt den tida den står på lager, og det kan dokumenterast at den ikkje er i bruk.
- s) **Renovator:** Aktør som på vegner av kommunen utfører innsamling og transport av hushaldningsavfall.
- t) **Restavfall:** Resterande hushaldningsavfall etter utsortering av bestemte avfallsfraksjonar.
- u) **Returpunkt:** Oppsamlingsstad utan mannskap for einskilde fastsette avfallsfraksjonar.
- v) **Våtorganisk avfall:** Matavfall, hageavfall og anna biologisk avfall frå husstandar som eignar seg for kompostering.

§ 2 Kommunal avfallsordning

§ 2.1 Generelt

I Øygarden kommune er det lovpålagt innsamling av hushaldningsavfall. Alle eigedomar mv. som fell innanfor § 1-2 er omfatta av denne renovasjonsordninga. Kommunen skal samle inn

hushaldningsavfall, transportere og levere hushaldningsavfallet til mottaks-/behandlingsanlegg (henteordning). Kommunen skal syte for hensiktsmessige bringeordningar for hushaldningsavfall som ikkje er omfatta av den kommunale henteordninga. Abonnten pliktar å kjeldesortere og levere avfallet etter kommunen si anvising. Dette gjeld både hente- og bringeordningar.

For abonntar som er omfatta av ei bringeordning skal avfallet bringast til oppsamlingseiningar fastsett av kommunen. Dersom det ikkje er plass til avfallet, pliktar abonnten å ta med seg avfallet og finne plass i ei tilsvarande oppsamlingseining.

§ 2.2 Henteordning

Kommunen har ei lovpålagt plikt til å syte for innsamling av hushaldningsavfall. Innsamlinga skal gjennomførast slik at belastninga for omgjevnadane kva angår støv, lukt, støv, miljøutslepp og trafikale forhold blir så lita som mogleg. Det skal takast omsyn til renovatørane sitt arbeidsmiljø.

For avfallsfraksjonar som skal leverast separat, sjå kommunen sitt gjeldande regelverk for kjeldesortering.

Avfallet skal hentast etter gjeldande hentefrekvens som vert fastsett av Øygarden kommune. Abonnten pliktar å gje melding til kommunen dersom det vert oppdaga manglar ved henteordninga. Ingen kan utan kommunen si godkjenning samle inn hushaldningsavfall i Øygarden kommune.

Kommunen tek atterhald om vêr, vegstenging og liknande forhold som kan vanskeleggjere henting på fastsett tømmedag. Dersom dette førekjem vil kommunen opplyse om når neste tømning vert utført.

§ 2.3 Bringeordning - Gjenbruksstasjon

Abonnten pliktar å bringe sitt kjeldesorterte avfall, som på grunn av sin type, storleik eller tyngd ikkje er omfatta av henteordninga, til kommunen sin gjenbruksstasjon eller returpunkt. Kommunen pliktar å syte for brukarvenleg og hensiktsmessig gjenbruksstasjon for kjeldesortert avfall.

Ved levering til kommunal gjenbruksstasjon pliktar abonnten å overhalde dei til ei kvar tid gjeldande leveringsføresetnader, og dessutan å ha med kommunens kundekort.

§ 2.4 Plassering av oppsamlingseiningar

Alle oppsamlingseiningar må plasserast slik at dei ikkje gjev hygieniske ulemper eller er til sjenanse (dvs. praktisk og estetisk) for andre, verken ved oppbevaring eller i samband med tømning.

På hentestaden skal oppsamlingseiningane plasserast lett tilgjengeleg på eit plant og fast underlag på bakkenivå. Det skal setjast av tilstrekkeleg areal til plassering og handtering av oppsamlingseiningar, og åtkomsten skal vere fri frå hindringar som kan gjere hentinga vanskeleg.

Vinterstid skal åtkomsten vere rydda for snø og om naudsynt vere strøydd. Einingane skal plasserast slik at renovatørane er sikra mot forulempingar frå husdyr. Einingane skal ikkje plasserast innanfor eit inngjerda område på tømmedag. Dersom plasseringa av ei oppsamlingseining utgjer ein skaderisiko, forverrar renovatørane sitt arbeidsmiljø eller medfører andre ulemper, kan Øygarden kommune krevje at einingane vert omplassert.

Oppsamlingseiningane skal vere plasserte inntil køyrbar veg på tømmedag. Som køyrbar veg reknast her veg som er framkomeleg og som har breidde og styrke til å tåle eit renovasjonskøyretøy. Langs vegen må det ikkje vere greiner eller anna som hindrar køyring. Vegen må ha ei fri høgde på minst 4,5 meter. Vegen skal ha snuplass og dessutan kurvatur og stigingsforhold til å betene eit renovasjonskøyretøy. Ved tvist om ein veg er køyrbar etter ovannemnd beskriving er kommunen sitt syn avgjerande.

Oppsamlingseiningane skal vere plassert minimum 5 meter frå næraste bygg på eigedomen på tømmedag. Oppsamlingseiningane skal setjast fram tidlegast dagen før tømning og hentast seinast dagen etter tømning.

§ 2.5 Bruk av oppsamlingseiningar

Oppsamlingseiningar må berre brukast til oppsamling av avfall som er omfatta av denne forskrifta, og skal ikkje innehalde gjenstandar som kan utsette renovatøren for fare eller ulempe under handteringa.

Fuktig avfall, skarpe eller knuselege gjenstandar skal vere forsvarleg innpakka før plassering i oppsamlingseininga. Varm oske må avkjølast heilt før den blir emballert og lagt i oppsamlingseininga. Oske, avfall frå støvsugar og anna avfall som kan gje støvplage, må vere emballert slik at det ikkje oppstår støvplage under innsamling.

I oppsamlingseininga må det ikkje verte lagt flytande avfall, større mengder hageavfall, stein, jord, sand, grus, byggje- og rivingsavfall eller større metallgjenstandar. Det må heller ikkje leggjast etsande, eksplosivt eller sjølvtenneleg avfall i oppsamlingseininga. Det same gjeld risikoavfall som sprøytespissar og anna smittefarleg avfall.

Farleg avfall skal oppbevarast og pakkast etter kommunen si anvising.

Oppsamlingseininga skal ikkje pakkast fastare enn at den lett kan verte tømt. Lokket på oppsamlingseininga skal til ei kvar tid kunne lukkast heilt igjen. På vinterstid er abonnenten ansvarleg for at avfall ikkje er frose fast, og dermed ikkje lar seg tømme.

Øygarden kommune er ikkje pliktig til å tømme oppsamlingseiningar som vert brukt i strid med denne forskrifta.

Alle oppsamlingseiningar høyrer til Øygarden kommune, som også har ansvaret for anskaffing og utsetjing. Kommunen avgjer når ei eining må reparerast eller fornyast, og set i verk reparasjonar og fornyingar etter behov.

Abonnten er ansvarleg for naudsynt reinhald av oppsamlingseiningar/alternativ avfallsløysing, medrekna returpunkt, og for naudsynt reinhald, rydding og vedlikehald av hentestad. Dersom abonnenten unnlèt å etterkome pålegg om reinhald, rydding og fjerning av forsøpling kan rimelege utgifter til dette føremål verte kravd dekt av abonnenten.

§ 2.6 Ulovleg handsaming av avfall

Alt avfall skal handterast i høve til kommunen si gjeldande renovasjonsordning.

§ 2.7 Kompostering

Abonntar som ønskjer det og har eige hageareal som er eigna for bruk til kompost, kan inngå avtale med kommunen om heimekompostering av våtorganisk avfall. Dei abonntar som teiknar slik avtale og slik reduserer si eiga avfallsmengd, får ein reduksjon i avfallsgebyret, så framt at abonnenten ikkje legg våtorganisk avfall i oppsamlingseiningane. Det vert kravd at komposteringa skjer i ein behaldar som godkjennast av kommunen. Abonnenten må sjølv skaffe behaldar. Det er ein føresetnad at komposteringa skjer på ein hygienisk tilfredsstillande måte, som ikkje tiltrekkjer seg skadedyr, gjev sigevatn, vond lukt eller verkar sjenerande for omgivnadane. Det er ikkje høve til å nytte matkvern dersom denne er tilknytt kommunen sitt avløpssystem eller kommunalt tømde slamavskiljarar/septiktankar.

§ 3 Avfallsgebyr

§ 3.1 Avfallsgebyret

Kommunen fastset og driv inn avfallsgebyr i samsvar med føresegnene i forurensningsloven. Gebyrregulativet legg til grunn forurensningsloven av 13. mars 1981 med tilhøyrande forskrifter,

veileder for kommunale avfallsgebyr (M-258) og Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester (H-3/14) og vert vedteke årleg av kommunestyret.

Abonnten pliktar straks å melde frå til Øygarden kommune dersom abonnten ikkje får faktura for avfallsgebyr. Abonnten pliktar også å kontrollere motteke faktura slik at avfallsgebyret er korrekt i høve til tenesta som faktisk vert utført.

Elles gjeld foreldelsesloven sine fristar.

§ 3.2 Innkrevjing av gebyr

Avfallsgebyr med oppsamla renter og kostnader er sikra med lovpant i eigedomen (legalpant) etter lov om pant av 8. februar 1980 nr. 2, § 6-1. Gebyra kan verte kravd inn av kommunen etter reglane for innkrevjing av skatt.

§ 3.3 Gebyrdifferensiering

For å fremje avfallsreduksjon, kjeldesortering og gjenvinning kan kommunen innføre differensierte gebyrsatsar.

§ 4 Avsluttande føresegner

§ 4.1 Fritak

Kommunestyret kan delegere myndigheit til på eige initiativ, eller etter skriftleg søknad å sjå vekk frå føresegnene i denne forskrifta. Fritak frå plikta til å delta i renovasjonsordninga kan berre verte gjeve til bestemte eigedomar. Det kan gjevast fritak for følgjande eigedomar:

- Husstandar som er å betrakte som kondemnert.
- Eigedom utan bygningar.
- Mellombels fråflytta eigedomar.

Abonnten pliktar å informere kommunen dersom grunnlaget for dispensasjonen vert endra.

Ved ukjend/uavklåra eigar/eigarførehold, dødsfall utan kjende arvingar ol. kan delegert myndigheit frå kommunestyret fritta eller utsetje innkrevjing av heile eller delar av gebyret i inntil 2 kvartal som eit eingongstiltak.

Mellombels fråflytting må meldast inn på førehand, vare i minst 6 månader, og vere godkjend av kommunen. Fråflyttinga vert gjeldande frå kommunen sin neste termin etter godkjenninga.

Fritidseigedomar kan ikkje vere mellombels fråflytta.

Ved søknad til kommunen kan abonnten få fritak for gebyr når eigedomen fysisk vert fråkopla kommunalt vann og avløpsanlegg. Abonnementet tek slutt når melding om plombering er motteke og godkjend av kommunen.

Ved godkjend fråflytting bestemmer kommunen storleiken og varigheita på fritaket. Kommunen har også høve til å hente og utlevere oppsamlingseiningane og krevje gebyr for dette.

Det vert ikkje gjeve fritak eller reduksjon i renovasjonsgebyr ut frå sosiale kriterium.

Det at ein abonnent har fleire eigedomar (bustad og fritidsbustad) i kommunen gjev ikkje grunnlag for reduksjon av gebyr.

Lite bruk av eigedomen gjev ikkje grunnlag for fritak eller reduksjon av gebyr.

§ 4.2 Klage

Vedtak som er fatta av kommunen eller andre som er delegert myndigheit i medhald av denne forskrifta, kan klagast til kommunen ifølgje forvaltningsloven § 28 og kommunens delegasjonsreglement.

§ 4.3 Sanksjonar

Ved brot på føresegnene i denne forskrifta kan kommunen syte for gjennomføring av naudsynte tiltak, medrekna pålegg om auka behaldarvolum, opprydding og ettersortering av avfallet. Ekstrakostnadar forbunde med slike tiltak må betalast av abonnenten.

Kommunen sitt syn er avgjerande for kva som vert kategorisert som eit naudsynt tiltak.

Abbonnten kan verte haldt økonomisk ansvarleg for skade på renovasjonskøyretøy, hentestad eller skade på/overfor tredjemann som følgje av aktlaus bruk av oppsamlingseining. Bortkomne eller øydelagde oppsamlingseiningar utover normal slitasje skal erstattast av abonnent.

Brot på forskrifta kan verte straffa med bøter etter forurensningsloven § 79, 2. ledd.

§ 4.4 Forholdet til helseforskrifter

Dei lokale helsemyndigheitene har ansvar for å sjå til at handtering av avfall skjer i samsvar med kommunehelsetjenesteloven, og kan på sjølvstendig grunnlag fastsetje vilkår som sikrar hygienisk oppbevaring og disponering av avfallet.

All handtering av avfall etter denne forskrifta skal skje i samsvar med sentrale og lokale helsemyndigheiter sine retningsliner og vilkår.

§ 4.5 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2017. Frå same tid vert gjeldande renovasjonsforskrift i Øygarden kommune oppheva.